

# Felles retningsliner for utval under Ørsta sokneråd

## §1 Grunnlag

- §1.1 Utval under Ørsta sokneråd legg til rette og utfører si teneste i samsvar med Guds ord og vedkjenninga til Den norske kyrkja.

## §2 Delegasjon

- §2.1 Utval har fått delegert det ansvaret som er omtalt i spesielle retningslinjer for det einskilde utvalet. Ørsta sokneråd vedtek retningslinjene etter forslag frå utvalet.
- §2.2 All utøving av mynde skjer på Ørsta sokneråd sine vegne og ansvar, og skal utøvast i samsvar med lover, reglar, og retningsliner og budsjett gjevne av soknerådet.
- §2.3 Delegert mynde kan til ei kvar tid trekkjast attende, og Ørsta sokneråd kan sjølv ta avgjerd i saka. Ørsta sokneråd kan overprøve og omgjere utvala sitt vedtak innanfor ramma av forvaltningslova §35.
- §2.4 Mynde som er delegert til utval kan delegerast vidare så langt det er lovleg tilgong til det og ikkje anna er vedteke.
- §2.5 Prinsippaker og saker som er særskild viktige skal leggjast fram for soknerådet for vedtak. Dersom det er grunnlag for tvil om ei sak kan handsamast av utvalet, vert saka lagt fram for leiaren av soknerådet.

## §3 Organisering

- §3.1 Utval er vedtaksføre når minimum halvparten av medlemmene er til stades. Ved likt røystetal har leiaren dobbeltrøyst.
- §3.2 Utval rår over dei budsjettpostane som omfattar utvalet sine ansvarsområde.
- §3.3 Utval konstituerer seg med minst leiaren og nestleiaren ved kvart årsskifte. Kyrkja stiller tilsette til rådvelde som sekretær for utvala.

## §4 Utnemning

- §4.1 Medlemmer i utvala vert utnemnt av Ørsta sokneråd eitt år etter soknerådsvalet, for fire år. Tilsette i kyrkja kan vere medlemmer i utvala, men ikkje innan dei verksemdsområda dei er tilsett for å ta hand om.
- §4.2 Medlemmer som ber seg fritakne vender seg til soknerådet gjennom leiaren av utvalet.
- §4.3 Eit fleirtal på meir enn 2/3 av utvalet kan be soknerådet om å fristille utvalet frå oppgåva, og oppnemne eit nytt utval. Soknerådet kan etter oppmoding frå utvalet, eller på eige initiativ vedta å justere utvalet si samansetting.

## §5 Endring

- §5.1 Endringar av felles retningsliner kan berre gjerast av soknerådet.

## §6 Innføring

- §6.1 Vedteke av Ørsta sokneråd 23/10 2007
- §6.2 Verksamt frå 1/1 2008